





KI-notat nr.: 62/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Småkraft AS/Ygleelvi kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Balestrand	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Sigrun Birkeland Rawcliffe	Sign.: 
Dato:	17 SEPT 2009	
Vår ref.:	NVE 200702124-7	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org. nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Ygleelvi kraftverk i Balestrand kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammen drag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	16
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	26
NVEs vurdering	30
NVEs konklusjon	35

Sammen drag

Småkraft har søkt om tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Ygleelvi kraftverk. Ygleelvi ligger innerst i Esefjorden ca. 4 km nordvest for Balestrand sentrum. Søker har inngått avtale med grunn- og fallrettseierne til Ygleelvi for å utnytte vannkraftressursene på den aktuelle fallstrekningen.

Kraftverket som er planlagt skal utnytte et samlet fall på 605 m. Installert effekt vil bli 4,6 MW med en beregnet årlig middelproduksjon på 15,9 GWh.

Det er søkt om inntak på kote 620 og kraftstasjon på kote 15. Tilløpsrøret skal delvis føres i tunnel og nedgravd rørgate ned til kraftstasjonen. Tiltaksområdet er representativt for landskapsregionen i Sognefjorden, med høye fjell, kraftige stryk, små fossefall og avrenning fra bre. Området brukes til jakt og noe friluftsliv. Prosjektet er omsøkt uten slipp av minstevannføring.

Balestrand kommune er positiv til at vassdraget blir utnyttet til lokal verdiskapning og tilrår at konsesjon blir gitt for Ygleelvi kraftverk på visse vilkår.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, FM, vurderer at utbyggingen er akseptabel med hensyn til allmenne interesser. FM forutsetter at det settes krav om minstevannføring av hensyn til

friluftsjnteresser og biologisk mangfold. FM mener at en bekkekløft og mulig anadrom strekning bør kartlegges før en utbygging.

Sogn og Fjordane fylkeskommune tilrår at det gis konsesjon for Ygleelvi kraftverk, med vilkår om minstevannføring om sommeren.

Statens vegvesen region vest påpeker at det må søkes om utvidet bruk av avkjørselen fra rv 55.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, NV, er ikke negative til prosjektet. De påpeker at det er viktig å sikre en rimelig minstevannføring i elva. Negative virkninger for turismen må vurderes i konsesjonsspørsmålet.

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt imot prosjektet grunnet friluftsjnteressene i området. Opplevelsesverdiene for landskapet blir sterkt forringet. Turlaget ber om at NVE vurderer sumvirkninger for friluftsliv, landskap og reiseliv av flere prosjekt i samme område.

Sognekraft AS har ingen merknader til konsesjonsspørsmålet.

En utbygging av Ygleelvi kraftverk vil gi styrke næringsgrunnlaget for fallrettighetseierne og bidra til å opprettholde bosetning. Kraftverket vil etter de foreliggende planer gi ca. 15,5 GWh/år i ny kraftproduksjon. Prosjektet vil videre bidra til lokal aktivitet og verdiskapning i anleggsperioden.

NVE mener at de negative virkningene ved utbygging og drift i rimelig grad kan avgrenses til et akseptabelt nivå med avbøtende tiltak. Slike tiltak vil være krav til minstevannføring i Ygleelvi og strenge landskapsmessige krav til gjennomføring av utbyggingen.

Etter en samlet vurdering av det omsøkte prosjektet og innkomne høringsuttalelser, finner NVE at fordelene ved å bygge og drifte Ygleelvi kraftverk er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt. Kravet i vannressursloven § 25 er derfor oppfylt.

I medhold av vannressursloven § 8 gis det tillatelse til å bygge Ygleelvi kraftverk. Tillatelsen blir gitt på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Småkraft AS, datert 2.6.2006:

"Småkraft AS ønsker å utnytte vannfallet i Ygleelvi i Balestrand kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

1. *Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til*
 - *Å bygge Ygleelvi kraftverk med installert effekt inntil 4,6 MW*
2. *Etter energiloven, Lov av 29. juni 1990, nr 50 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi med mer om tillatelse til:*
 - *Å installere en generator på inntil 4,6 MW i med nødvendig elektrisk anlegg.*
 - *Å installere nødvendig koplingsanlegg for kabeltilknytning*
 - *Elektrisk konsesjon for legging av 22 kV kabel / luftlinje fra kraftstasjonen og frem til eksisterende 22 kV linje.*
3. *Etter forurensningsloven om tillatelse til:*
 - *Gjennomføring av tiltaket*

Vi refererer følgende fra utredningen av prosjektet:

2.1 Hoveddata

Kraftverket

	Alt. 1
Nedbørfelt (km ²) ¹⁾	5,10
Herav overført felt (km ²)	0
Middelvannføring (m ³ /s) ¹⁾	0,49
Alminnelig lavvannføring	0,037
Inntak på kote	620
Senter turbin kote	15
Brutto fallhøyde (m)	605
Midlere energiekvivalent kWh/m ³	1,38
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	0,90
Slukeevne, min. (m ³ /s)	0,04
Tilløpsrør, diameter (mm)	700
Tilløpsrør, lengde (m)	730
Sjakt og tunnelengde (m)	1570
Installert effekt, maks (kW)	4 600
Brukstid (t)	3 465
Magasinivolum mill. m ³	0
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 - 30/4)	7,7

Produksjon, sommer (GWh) (1/5 - 30/9)	8,2
Produksjon, årlig middel (GWh)	15,9
Utbyggingskostnad (mill.kr)	40,7
Utbyggingspris (kr/kWh)	2,56

*) basert på NVE Atlas

Elektriske anlegg

Generator	Ytelse MVA	Spennning kV
	5,4	6,6
Transformator	Ytelse MVA	Omsetning kV/kV
	5,4	6,6/22
Kraftlinjer	Lengde m	Spennning
FeAl 50	1500	22 kV

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Balestrand kommune har i formannskapsmøte den 13.9.2006 fattet følgende vedtak:

"1.

Balestrand kommune finn søknaden ryddig og greitt gjennomarbeidd. Kommunen er positive til at dette vassdraget vert nytta til lokal verdiskaping, og ein vil tilrå at konsesjon vert gjeve for Ygleelvi kraftverk.

Kommunen meiner likevel at dei merknader som her er skissert, vert tatt til følge:

Massetak og -deponier

Balestrand kommune stiller krav om at planlagt steintipp blir tilpassa mest mogleg landskapet. Steintippen skal tilsåast og planta til snarast råd for å få til eit godt erosjonsdekkande botndekke.

Riggområder

Riggområdet og anleggsvegar som ikkje skal nyttast, skal tilbakeførast mest mogleg til naturtilstand etter anleggsperioden sin slutt.

Kommunen vil ikkje krevje særskild handsaming av tiltaket etter Plan- og bygningslova.

Punkt 2 i saksutredningen om krav til minstevannføring ble ikke vedtatt, 2 mot 3.

Vi refererer videre fra saksutredningen:

"Vurdering

Konsesjonssøknaden er oversiktleg og grei, og dei lokale interessene er godt framstilt og vurdert i denne. Kommunen har likevel nokre merknader:

- *Kraffline og utbygging*

Det er ønskjeleg med nedgravd kabel til påkoblingspunktet, då ein kan samordne med straum til kommunalt vassverk. Ein reknar ikkje med ureiningsfare som påverkar vasskvaliteten i inntaksbrønnen.

- *Brukerinteresser /friluftsliv*

Her er det snakk om inngrep i ein svært særprega og urørt natur. Yglebotn har stort potensiale for Balestrand som spanande naturoppleving langs den gamle kløvvegen. Det er ønskjeleg at overskotsmassar kan nyttast til utbetring av kløvvegen.

Avbøtande tiltak

- *4.2.3 Massetak og -deponier*

Balestrand kommune stiller krav om at planlagt steintipp blir tilpassa mest mogleg landskapet. Steintippen skal tilsåast og planta til snarast råd for å få til eit godt erosjonsdekkande botndekke.

4.2.4 Riggområder

Riggområdet og anleggsvegar som ikkje skal nyttast, skal tilbakeførast mest mogleg til naturtilstand etter anleggsperioden sin slutt.

- *4.1 Minstevassføring*

Det er ikkje sagt noko om minstevassføring. Kommunen meiner at i eit så sårbart område bør det vere krav til minstevassføring

(...).

Saka får ei grundig vurdering av arealbruksinteresser gjennom konsesjonssøknaden. Det er også lagt opp til ein sakshandsamingsprosess der fagstyresmaktene kjem med innspel, samt ei offentleg høyring, som er lik krava i Plan- og bygningslova. Ut i frå dette finn vi det ikkje naudsynt med eigen handsaming av saka etter Plan- og bygningslova.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har uttalt følgende i brev av 26.3.2007:

”(…)

Vurdering

(…)

Landskap og friluftsliv

Yglelvi er lite synleg frå vegen/fjorden, men betyr ein del for turopplevinga opp i området. Det ser ut til å vera ein del usikkerheit knytt til dam- og inntaksområdet og dei konstruksjonane som skal plasserast der. Blant anna vil det vere fare for lekkasje gjennom permeable massar i dalbotn. Vårt inntrykk er at det trengs så mange inngrep og store dimensjonar, at det vil bli svært dominerande utsjåandemessig i dette området som ligg over tregrensa.

Det går ein gamal kløvveg opp langs Yglelva. Vegen er eit viktig lokalt kulturminne som kommunen vil restaurere og gjere betre kjent for allmenta, slik at turistar og andre turgåarar vil nytte den meir enn i dag. Vegen/stien er også med blant dei turane som er skildra i turboka Opptur - 267 fotturar i Sogn og Fjordane (Rudsengen 2005, Selja forlag). Nasjonalt og

regionalt er dette likevel ikkje av dei høgst prioriterte friluftsområda. Dersom det vert ei monaleg minstevassføring og inntakskonstruksjonane vert gjort så små og lite synlege som mogleg, meiner vi denne utbygginga kan akseptast i høve til friluftsisinteresser. Vi ber NVE ev. følgje særskilt opp dette når det gjeld detaljplanane for inntaket.

Botnelvi (nedre del av utbyggingstrekninga) er meir synleg frå vegen, den vil i delar av året ha ein monaleg restvassføring, men etter snøsmeltinga vil det bli sterkt redusert. Det bør ikkje etablerast nye luftleidningar i samband med utbygginga. Dette gjeld både av omsyn til landskapet og kollisjonsfare for fugl. I utgangspunktet er det best landskapsmessig at røyrgrater vert skjult/nedgrave.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneplanar og inngrepsfri område (INON)

For slike utbyggingar er det særskilt viktig å få kjennskap til ev. fossesprøytnoner og fuktavhengige artar i og ved elva. Undersøkingar har ikkje avdekkja slike raudlisteartar. Elva renn på ein del av strekninga i ein bekkedal som renn mot nord/aust. Området er skyggefullt på grunn av trong dalbotn og høge fjell. På grunn av tilsig frå bre har også elva ein del vassføring om sommaren. Sørsida (den nordvendte sida) av bekkekløfta har ein del bergknausar og vassig og bør etter vår vurdering undersøkast nøye med omsyn til sjeldne mosar som også er fuktavhengige. Dette arbeidet krev spesialisert kompetanse. Naturtypekartleggingane i kommunane har i stor grad basert seg på samanstilling av kjent kunnskap, og det har dessverre vore lite rom for nye registreringar.

Det er potensiale for fossefall i elva. Vassfaunaen er ikkje særskilt undersøkt. Vassføringsberekningar viser at det i eit midlare år berre vil vere 48 dagar med overløp i elva. 5 %-persentil sommarvassføring er rekna til 77 l/s. Botnfaunaen i elva er ikkje særskilt undersøkt, og ein kan difor ikkje med sikkerheit si at det ikkje fins sjeldne artar der. Botn er på nokre strekningar spesiell ettersom vatnet går mykje i grunnen. Slike elvestrekningar er ikkje veldig godt undersøkt generelt og slike særskilte forhold/livsmiljø kan føre til at meir uvanlege artar kan finne levestad der. Det er ikkje i tråd med moderne vassdragsforvaltning å tørrleggje vassdrag med årsikker vassføring. Vi kan ikkje sjå at det er bevisført at turrlegging ikkje vil gje varig skade, og ut i frå det viktige føre var-prinsippet meiner fylkesmannen at det må setjast vilkår om minstevassføring heile året. Det er viktig at minstevassføringa også tek høgde for uttak til vassverket.

Ny raudliste (pr. desember 2006) har også endra status for ein del av dei fugleartane som er registrert i området, slik at det er fleire sjeldne artar. Ikkje alle desse er knytt direkte til vassdrag, men ut i frå kompleksiteten i økosystem er det meir bærekraftig med minstevassføring i elva ved ev. utbygging.

Ei ev. utbygging vil gje reduksjon av INON sone 1 og 2, men ikkje samanhengande mellom fjord og fjell og ikkje verna eller villmarksprega område.

Fisk og fiske

Det er opplyst i søknaden at det ikkje er registrert anadrom fisk i elva. Konsekvensutgreiingsrapporten opplyser at elva er ueigna for anadrom fisk med unnatak av den nedste delen. Det bør gjerast ein enkel undersøking (el.-fiske) i elva for å sjekke ut om det finns anadrom fisk. Dersom ein finn sjøaure må det opplysast kor vandringshinderet ligg og kartfeste dette i forhold til avløpet frå planlagt kraftstasjon. Sjølv om det er lite fisk i elva, vil ev. produksjon av yngel gje eit bidrag til fjordsystemet. Dersom heile den anadrome strekninga er nedstraums utløpet frå kraftstasjonen er det etter vår vurdering ikkje trong for noko særskilte tiltak i forhold til fisk. Restvassføring ovanfor utslepp frå kraftverket må ev. vurderast i forhold

til grunntilhøve, uttak av drikkevatn osv. Minstevassføringa må ta høgde for uttak av drikkevatn og liknande. Dersom bekken som kjem frå fjellet Vindreken, er gyte og/eller oppvekstareal for fiskeyngel, bør inngrep/omlegging pga røyrgate utformast slik at det påverkar bekken minst mogleg (ikkje skape vandringshinder osv.).

Ureining, vasskvalitet og støy

Balestrand kommune hadde tidlegare slamlaguner i Esebotn. Desse er så langt vi kjenner til nedlagte og fjerna. Det er elles lite resipientinteresser knytt til elva. Vi ventar ikkje at vasskvaliteten skal bli vesentleg påverka i driftsfasa til anlegget. Vi føreset elles at det i ein ev. anleggsfase ikkje vert tilført miljøet giftige stoff eller deponert avfall. Anleggsdrift med ev. deponering av finstoff m.m. må vurderast i høve til ureiningslova. Det er eit stykke frå kraftstasjonen til fritidshus og bustader. Støyproblem må alltid vurderast, og ev. tiltak bør avklarast før/i byggefasa. Forholdet til kommunalt drikkevassanlegg er avklara.

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser. Av omsyn til friluftinteresser og biologisk mangfald føreset vi at det vert sett vilkår om minstevassføring heile året.

Vi meiner området bør undersøkast av mose-/lavekspertar før utbygging, og at det bør gjerast undersøkingar om anadrom fisk i elva. Dersom det kjem fram nye opplysningar som er viktige for desse tema må forholdet til allmenne interesser vurderast på nytt.

Ved ev. utbygging må det leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova. Det er for denne saka særskilt viktig at inntakskonstruksjon/damanlegg vert så lite synleg som mogleg.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune har behandlet søknadene Sagelvi, Ygleelvi og Eitreneselvi samlet i fylkesutvalget 31.1.2007.

”(…)

- Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt for Sagelvi, Ygleelvi og Eitreneselvi kraftverk på vilkår som nemnt nedanfor, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert vurderte til å vere større enn ulempene, og kraftverka vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.
- Kraftstasjonen ved Sagelvi bør byggast i Berregeigsfjøra og ikkje i Ortegytta. Det må vurderast tiltak for støydemping i høve til hytter i området og slik at støy ikkje får bre seg utover fjorden. Det må sleppast minstevassføring i Sagelvi om sommaren minst lik alminneleg lågvassføring.
- Det må sleppast minstevassføring i Ygleelvi om sommaren minst lik alminneleg lågvassføring.
- Det vert tilrådd alternativ 1 for Eitreneselvi kraftverk, med overføring frå feltet vest for inntaket. Der må det vurderast tiltak for støydemping slik at støy ikkje får bre seg utover fjorden. Det må sleppast minstevassføring om sommaren i storleik 100-150 liter/sek, det

må sprengast grøft for den nedre delen av rørgata og steintippen må tilpassast landskapet best mogleg. Tiltak i sjøkanten må så langt det er mogleg tilpassast den verna gravrøysa like aust for utløpet til Eitreneselvi.”

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har vurdert de tre søknadene fra Småkraft AS; Sagelvi, Eitreneselvi og Ygleelvi samlet i brev av 13.9.2006. Vi refererer hva gjelder Ygleelvi spesielt:

”(…)

Generell kommentar

Turisme er ein viktig næringsveg i Balestrand kommune. Mange tilreisande kjem til bygda for å oppleve det vakre landskapet med fjord og fjell og også vassdrag og fossar. Det vil såleis vere eit tap for både fastbuande og tilreisande om dei fleste fossane og elvane forsvinn eller får minimal vassføring. Dette må også inn i rekneskapet for tap og vinning ikkje berre når det gjeld det reint estetiske, men også økonomisk. Det er nok slik at inntekter frå eit kraftverk kan styrke busettinga og kommuneøkonomien, men kva med negative verknader for turismen t.d.? Dette må også takast med i det totale rekneskapet. I samanheng med dette vil vi også tillate oss å tvile på om inntektene frå kraftverka alltid vil kome busettinga og lokalsamfunnet til gode, noko det er lagt vekt på frå utbyggarane si side som eit argument for kraftutbygging. Fleire av grunneigarane, og kanskje dei fleste, kan bu heilt andre stader, slik at dette i mange tilfelle er eit ganske tomt argument.

Kommentar til dei tre kraftverka

Det er her snakk om ein konsesjonssøknad for tre kraftverk, og av desse er nok Eitreneselvi kraftverk det mest problematiske. Ei utbygging her vil få store konsekvensar for landskapet. Konsekvensutgreiinga brukar sterke ord og seier ”at Eitrefossen taper mye av sin verdi som landskapselement” og ”det er antatt at den visuelle delen av elva og landskapsinntrykket vil forringes”. Det blir også sagt at Eitrefossen no ”gir inntrykk i terrenget”, særleg då frå fjorden. I tillegg til desse verknadene vil også ei utbygging føre til ”varige sår i terrenget langs rørgate, vei og kraftlinje, samt i kraftstasjonsområdet”.

Konklusjonen skulle såleis vere at ei utbygging her er lite forsvarleg ut frå dei omsyna som er nemnde. Det er difor uforståeleg at både konsekvensutgreinga og søknaden konkluderer med at ”tiltaket vil gi en liten til middels negativ konsekvens”. Det ville vere meir logisk ut frå utbyggarane sine eigne premisser at konklusjonen var at utbygginga ville få ”stor negativ konsekvens” for landskapet. Her må det vere mogeleg å spørje ”Småkraft” og konsulentane deira: Kva skal i det heile til for at ei småkraftutbygging skal få ”stor negativ konsekvens”?

Naturvernforbundet vil difor frårå ei kraftutbygging i Eitreneselvi først og fremst ut frå omsynet til landskapet. Vi kan heller ikkje sjå at kraftverket i særleg grad vil styrke busettinga i området.

Dei to andre kraftverkprosjekta, Sagelvi kraftverk og Ygleelvi kraftverk, er nok mindre problematiske. Her vil likevel sterkt redusert vassføring og gjerne turrlegging av elvane i lengre periodar ha svært uheldige verknader for landskapsopplevinga og det biologiske mangfaldet kring elvane og fossane. Desse to elvane er likevel ikkje så synlege i landskapet som Eitreneselvi.

- *Det kan også her settast eit spørsmålsteikn ved i kva grad desse to småkraftverka vil styrke busettinga. Ei utbygging av Sagelvi og Ygleelvi må såleis vurderast nøye og spesielt viktig vil det vere å sikre ei rimeleg minstevassføring i elvane."*

Sogn og Fjordane Turlag har i brev datert 22.10.2006 uttalt følgende om Småkrafts tre prosjekt:

"(...)

Sumverknad av småkraftutbyggingar langs Sognefjorden:

Det er svært sterke grunnar til å sjå på sumverknaden av småkraftutbyggingar og større kraftutbyggingar langs Sognefjorden:

- *Norske fjordar er utpeika til verda sitt fremste reisemål. (Dette er så velkjent for NVE, at vi ikkje legg ved dokumentasjon.)*
- *Sognefjorden vest for munningen av Aurlandsfjorden er ein av hovudinngangsportane til verdsarvområdet i/rundt Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. (Også velkjent.)*
- *Det er etablert reiselivssamarbeid mellom Den kinesiske mur, Pyramidane i Egypt og Sognefjorden. Marknadsføring er ein viktig del av samarbeidet. Sjå vedlegg 5, som er kopiar frå NRK Sogn og Fjordane sine Internettsider, og vedlagde fil med ein Internett-kopi frå avisa Firda av 12.07.2006.*
- *Nærøyfjorden verdsarvområde er av MD utpeika som eitt av 7 nye norske verdiskapingsprosjekt. Sjå vedlegg 6, som er ein kopi av Sogn og Fjordane fylkeskommune sine Internettsider. Med ei slik satsing er også "inngangsportane" viktige.*
- *Sognefjorden representerer eit landskap av aller høgste nasjonale og internasjonale verdi, og er ein av landets største turistattraksjonar. Sjå vedlagde Internettkopi frå Firda av 24.05.2006 som gir oversyn over cruisebåt-trafikken på Sognefjorden i 2006. I tillegg er det omfattande anna turistbåttrafikk på fjorden, ein har Flåmsbana (verds-kjend), og stor buss og biltrafikk på vegane langs fjorden og på ferjer over fjorden.*
- *Det er mange verdfulle friluftsområde langs fjorden, og områda vert meir og meir brukte, både lokalt/regionalt, og av tilreisande inkl. utanlandske turistar. Friluftslivsguiding av turistar ser ut til å vere ei næring i betydeleg vekst. Friluftsliv på fjorden, med robåt, kajakk og kano, er aukande, og den første Kystleden er etablert – i Nærøyfjorden. Fleire kjem truleg relativt snart.*

Frå "Forslag til faglige retningslinjer for utarbeidelse av fylkesvise planer for småkraftverk" som no er ute på høyring, hentar vi følgjande to sitat som gjeld landskapsverknaden:

"Småkraftverk med tilhørende infrastruktur medfører inngrep i vassdragsnaturen og ofte utnyttes konsentrerte fallstrekninger som fremstår som sentrale, tydelig og vakre landskapselementer, for eksempel fosser, elvegjel og elvedelta. I noen landskapstyper er disse elementene med på å prege større landskapsrom. Eksempelvis er markerte fosse- og elveløp langs fjordene på Vestlandet med på å understreke kontrasten mellom horisontale og vertikale linjer definert av fjordspeil og bratte fjellsider. I slike områder har rennende vann en vesentlig betydning for totalopplevelsen av landskapet."

"Eksempler på sumvirkninger av småkraftverk i forhold til ulike tema:

Landskap: *Utbygging av mange småkraftverk for eksempel innen et fjordlandskap kan føre til bortfall av flere viktige landskapselementer, for eksempel fosser og stryk, som ofte har stor*

betydning for landskapets karakter og særtrekk. Hvert enkelt inngrep kan isolert sett ha liten betydning, mens summen av inngrepene kan medføre at opplevelsesverdiene knyttet til landskapet blir sterkt forringet eller går tapt.”

På strekninga frå munningen av Sognefjorden til turiststaden Balestrand, er det langs hovudfjorden 4 fossar som har ein slik storleik at dei kan kallast ”turistfossar”. Dei høyrer i høg grad til mellom dei landskapselementa som er omtala ovanfor. Av desse 4 ”turistfossane” har NVE dessverre allereie gitt konsesjon til utbygging av 2: Storefossen i Måren i Høyanger kommune på nordsida av fjorden og Sylvarnesfossen i Vik kommune på sørsida av fjorden. Sjå foto i vedlegg 2 og 3. (På fotoet av Sylvarnesfossen, er den planlagde inntaksstaden markert med ein oransje ring. Inntaket vert sjølvstendig ikkje på langt nær så synleg som dette, men skilnaden i vassføring ovanfor og nedanfor inntaket, vil i største delen av året verte svært så synleg.) Desse utbyggingane er no til klagehandsaming i OED. Den 3. av fossane, Eitrefossen, er til konsesjonshandsaming her. Sjå foto i vedlegg 1. Den 4. av fossane, Tennefossen, på nordsida av fjorden i Balestrand kommune, er heldigvis varig verna. Sjå foto i vedlegg 4.

Vårt syn er at for å hindre at ”opplevelsesverdiene knyttet til landskapet blir sterkt forringet”, så bør ingen av dei 4 ”turistfossane” byggast ut. Det er andre elvar som kan byggast ut i staden, til dømes Sagelvi, som er eit langt mindre viktig landskapselement. Viss nokon av dei 4 fossane skal byggast ut, så må ein i alle fall ikkje finne på å bygge ut meir enn ein av dei!

Alle dei 4 omtala ”turistfossane” ligg på ei kort strekning av fjorden, frå Måren i Høyanger til nokre km vest for Balestrand sentrum. Viss ein held fram vidare innover på nordsida av fjorden og inn Fjærlandsfjorden, er det konsesjonssøkt, og til handsaming i NVE, ytterlegare 8 utbyggingar. I tillegg til Sagelvi og Ygleelvi er dette 5 kraftverk langs Fjærlandsfjorden (Småkraft AS), og ei utbygging i Sværefjorden, som grunneigarane står bak. Den sistnemnde utbygginga er i konflikt med det viktige kulturminnet Driftevegen frå Nordfjord/Sunnfjord til Sogn. I tillegg har ein på denne strekninga den store Vettefjordutbygginga, som alt er gjennomført og i drift.

I tillegg til alle dei nemnde utbyggingane, veit vi at det i Balestrand kommune, på strekninga frå og med Lånefjorden i vest til og med Vettefjorden i nordaust, er planar om ei heil rekkje andre utbyggingar. Ettersom dette frå Balestrand kommune si side var/er eit sentralt tema i samband med konsesjonshandsaminga av Eiriksdal/Lånefjord kraftverk, reknar vi med at NVE har betre kjennskap til desse planane enn vi har. Vi håpar at NVE gjennom si konsesjonshandsaming ser til at ikkje ”kvar einaste utbyggbare elv i Balestrand” vert utbygd, men gir avslag på konsesjonssøknadane for dei viktigaste/mest verdfulle elvane. Denne vurderinga må starte alt no, i samband med dei 4 utbyggingane (desse 3 + Sværefjorden) som NVE har til vurdering! (Vi har ikkje kjennskap til at Balestrand kommune ønskjer å prioritere utbyggingane. Viss det er rett at dei ikkje vil gjere det, så må NVE gjennomføre prioriteringa!)

Kommentarar til sumverknads- og verdivurderingane i konsesjonssøknadane:

Det er gledeleg at Småkraft AS/NVE sender 3 konsesjonssøknadar på høyring samstundes. Det gjer det lettare for oss høyringsinstansane å sjå søknadane i samanheng. Men i konsesjonssøknadane har vi ikkje funne eit einaste teikn til at Småkraft AS sjølv har sett søknadane i samanheng, og kommentert sumverknadar av utbyggingane. Har vi leita for dårleg? Viss ikkje, vil vi karakterisere dette som ein vesentleg mangel ved søknadane.

Vi har spesielle kommentarar til NVK MULTICONSULT sine verdivurderingar av Landskap. Sjå først under 4.3 Landskap på side 16 – 19 i konsekvensutgreiinga for Ygleelvi kraftverk:

På side 16 finn ein følgjande sitat (som vi er heilt einige i): "Regionen har et landskap som gjør Norge internasjonalt kjent med det ultimate fjordlandskap med meget dypt innskårne fjorder og snødekte fjelltopper" (Elgersma & Asheim, 1998).

Den aktuelle utbygginga ligg i Esebotnen i Balestrand. Den nedste delen av elva som er planlagt utbygd (nedanfor samløpet mellom Ygleelvi og Botnelvi) er svært godt synleg både frå riksvegen og frå fjorden. Eseffjorden/Esebotnen med dei karakteristiske, lett gjenkjennelege fjella rundt, er "bakteppet" for eitt av dei aller mest kjende turisthotella i Noreg, Kviknes Hotell - www.kviknes.no. Foto av Kviknes Hotell med Esebotnen og fjella rundt i bakgrunnen, er eitt av dei mest kjende og mest brukte motiva i den internasjonale marknadsføringa av Sogn og Fjordane (og Noreg) som turistmål. I Sogn og Fjordane er dette motivet på line med Briksdalsbreen, Nærøysfjorden og nokre ganske få motiv til. Nasjonalt er det også mellom dei fremste.

For dette eineståande og internasjonalt kjende landskapet har NVK MULTICONSULT på side 19 følgjande verdivurdering: "Områdets inntryksstyrke og mangfold/variasjon gjør at verdien av landskapet vurderes som liten til middels til stor (B2). Klasse B favner det typiske landskapet i regionen. Landskapet har gjengs gode kvaliteter, men er ikke enestående. Dersom et statistisk stort nok materiale foreligger, vil de fleste underregioner/ landskapsområder høre til denne klassen. Klasse B1 representerer det typiske landskapet uten inngrep innenfor regionen. Klasse B2 representerer det typiske landskapet med noe lavere mangfold og enkelte uheldige inngrep. Klasse A utgjør det ypperste av norsk landskap, mens klasse C utgjør områder med lite mangfold og et betydelig omfang av skjemmende inngrep." På den grafiske "skyveskalaen" er verdien sett om lag midt mellom liten og middels.

Vår kommentar: Når ein skal vurdere eit landskap, må ein vurdere det ut frå der det er, ikkje fullstendig lausrive frå omgjevnadane! Dette landskapet ligg i enden av Eseffjorden som er ein ganske liten sidefjord til den store Sognefjorden, og det har Kviknes Hotell som eit eineståande fint blikkfang mellom Sognefjorden og Esebotnen og fjella rundt den. Dette er ikkje noko Klasse B2-landskap. Dette er eit Klasse A-landskap av Stor verdi som få andre stadar i fylket og i "Fjord-Noreg" kan måle seg med! Dette er "det ultimate fjordlandskap" med ein heilt uvanleg fin kombinasjon av landskaps- og kulturverdiar. Til samanlikning: Ville ein karakterisere Karl Johans gate i Oslo som ei heilt ordinær norsk bygate med berre "gjengs gode kvaliteter" fordi ein ser heilt bort frå Slottet som ikkje ligg i/ved gata?? (Det har som kjent adresse Drammensveien 1.)

NVK MULTICONSULT si verdivurdering vil vi karakterisere på følgjande "udiplomatiske" måte: Den delen av vurderinga vi har sitert ovanfor, har ingen verdi for å opplyse saka for NVE. Den har meir preg av "desinformasjon". Den einaste verdien vurderinga kan ha, er for å tilfredsstille eit eventuelt ønskje frå utbyggaren si side om å bagatellisere verdien av det landskapet dei ønskjer å bygge ut i. (Men vi trur ikkje Småkraft AS er så useriøse at dei har eit slikt ønskje.)

Som følgje av den fullstendig feil verdivurderinga, er også vurderinga av Konsekvensomfang fullstendig feil. Det bør settast mellom Middels og Stort negativ.

Sjå så under 4.3 Landskap på side 14 – 16 i konsekvensutgreiinga for Eitreneselvi kraftverk:

Utdrag av NVK MULTICONSULT si verdivurdering av dette vassdraget:

"Områdets inntryksstyrke og mangfold/variasjon gjør at verdien av landskapet vurderes som middels til lite (B2). Klasse B favner det typiske landskapet i regionen. Landskapet har gjengs gode kvaliteter, men er ikke enestående. - - - På den grafiske "skyveskalaen" er verdien sett

mellom liten og middels, og klårt nærare middels enn liten. Verdien av dette landskapet er altså sett høgre enn landskapet i Esebotnen.

Vår kommentar: Dette landskapet har ein av 4 "turistfossar" langs hovudfjorden mellom munningen og Balestrand, og ein av 7 "turistfossar" mellom munningen og grensa til Verdsarvområdet i/ved Nærøyfjorden/Aurlandsfjorden. Området er fullstendig urørt, bortsett frå 22 kV-lina som går langs fjorden. Dette er ikkje eit så eineståande landskap, plassert i så eineståande omgjevnader som landskapet i Esebotnen. Men det er ikkje noko Klasse B2-landskap heller, til det er slike fossar langs inngangsporten til Verdarvområdet for få, og området for urørt. Dette er eit landskap med Middels til Stor verdi!

Dei negative konsekvensane (for landskap) av utbygginga er også altfor lågt vurdert. Dette dreiar seg om til saman store inngrep i eit frå før fullstendig urørt område bortsett frå 22 kV-lina. Konsekvensomfanget er Middels til Stort negativt.

Reiselivsnæringa og kraftutbyggingane langs Sognefjorden:

Reiselivsnæringa er ei av Sogn og Fjordane sine aller viktigaste næringar - i Balestrand kommune må den vel truleg karakteriserast som hovudnæringa - og hovudgrunnlaget for næringa er naturen, med fjell, fjordar, grøne lier, brear, rennande vatn – og kulturlandskap. Ingen del av reiselivsnæringa er høyringsinstans verken når det gjeld utbygging av "turistfossar" langs Sognefjorden eller utbygging av "turistfossar" andre stadar i fylket. Dette er svært uheldig. Det er mange "turistfossar" som er under konsesjonshandsaming i NVE akkurat no. Av dei offentlege høyringsinstansane, er det berre Fylkesmannen og nokre av kommunane som tek skikkeleg omsyn til reiselivet sine interesser. Andre kommunar - og Fylkeskommunen - ser for oss ut til å legge lite, ofte ingen, vekt på omsynet til reiselivet i sine høyringsfråsegner.

I samband med samarbeidsavtalen om marknadsføring av Den kinesiske mur, Pyramidane i Egypt og Sognefjorden, hadde vi kanskje venta at Fylkeskommunen ville få auka interesse for å ta vare på "turistfossane" langs Sognefjorden. Men har den fått det?

Ettersom ingen del av reiselivsnæringa er aktiv som høyringsinstans, ber vi NVE legge spesiell vekt på omsynet til reiselivsnæringa i vurderinga av konsesjonssøknadane frå Sogn og Fjordane. Næringa er så viktig i vårt fylke, og talet på "turistfossar" som er utbygde, under utbygging eller konsesjonssøkte, er etter kvart så stort, at dette er viktig! Når vi i Turlaget legg så pass stor vekt på å skrive om reiselivet, er det fordi vi i stor grad har felles interesse av at den eineståande vassdragsnaturen vår vert forvalta på ein best mogeleg måte. Men det er også klårt at vi i enkeltsaker har ulike prioriteringar.

(...)

Spesielt om Ygleelvi kraftverk:

Friluftsliv:

Esebotnen og området vidare oppover langs Ygleelvi er eit svært verdfullt friluftsområde. At ein har eit "levande" kulturminne som den gamle kløvvegen, gjer det ekstra interessant å gå der. Det at ein planlegg å restaurere kløvvegen, indikerer at både kløvvegen og turområdet er verdfulle, og at dette er noko ein ønskjer å ta vare på i Balestrand. Det er det også all grunn til, for naturen er storslagen med dei bratte fjellsidene, den tronge dalen, og med vatna, breen og toppane med ein eventyrleg utsikt høgre oppe.

Turruta oppover langs Ygleelvi har også ein annan spesielt verdfull kvalitet: Når ein kjem opp i knapt 200 m høgde, dreiar stien bak Furehaugen, og frå då av kjenner ein seg heilt i villmarka.

Ikkje eit einaste teikn til menneskelege inngrep er å sjå, bortsett frå kløvvegen ein går på, og kanskje ein støl eller to. Ikkje ein einaste naturframand lyd er å høyre. Verdien av å gå på slike stadar, kan ikkje beskrivast, den må opplevast! Spesielt turistar veit å sette pris på slike opplevingar. Men også for oss som bur i fylket, er dette verdfullt.

For turistkommunen Balestrand er det viktig å ha slike område å gå i. Turistane ser ut til å verte meir og meir interesserte i å gå i naturen. I Balestrand har det gjennom fleire år vorte satsa mykje på å tilrettelegge turstiar for både fastbuande og turistar, og stiane vert mykje brukte. Naturguiding av turistar ser ut til å utvikle seg til ei næring i Balestrand.

Vi vil også nemne at ein i Balestrand har lagt svært mykje arbeid i å lage god Internetinformasjon om turruter, fjellområde, stølar, kultur, historier m.m. om fjella i Balestrand. Søk til dømes på etter Balestrand kommune på www.avinet.no/fjellatlas/map/ og sjå og les nokre av dei mange fotoa og artiklane som ein finn der. Der er også fleire foto/artiklar med tilknytning til Esebotnen og Ygleelvi.

Kommentarar til utbygginga:

Slukevna for kraftstasjonen varierer mellom 8 % og 184 % av gjennomsnittsvassføringa. Dette er ei hard utbygging. I eit gjennomsnittså overstig vassføringa kraftstasjonen si slukevne i 48 dagar, men mange av desse dagane er om hausten, utanfor tur- og turistsesongen. I juli/august må ein stort sett rekne med at elva er tørr nedstrøms inntaket, bortsett frå minstevassføring.

2.2.2 Dam og inntak: Det som står her, indikerer at det meste som står om dam og inntak er usikkert, ein kan få store, ubehagelege overraskingar, og inngrepa kan i verste fall bli store! Nokre døme: Det står m. a. at: "Det foretas minst mulig graving i elvebunn. Det støpes en betongvegg over dalbunnen for å samle opp vannet fra hovudelva og den lille sideelva fra vest."

I klårtekst betyr dette og det som står i avsnittet før, at dammen skal plasserast så og seie på toppen av lausmassar med sannsynleg stor "mektighet". Dette betyr også at det er stor fare for at elva, t.d. i flaumsituasjonar, kan grave seg under dammen og skape store lekkasjar. I verste fall kan heile dammen verte alvorleg skada. Uansett om lekkasjane skadar dammen eller ikkje, må det gjennomførast reparasjonar, og ein kan risikere anleggsarbeid i området i årevis framover. Det er usikkert om den staden der ein har tenkt å starta boringa av sjakt, er eigna for formålet. Viss ikkje, er det aktuelt å legge røyr til ein fjellrygg 100 m lenger ned. Det står ingenting om det eventuelle røyret skal ligge i dagen eller gravast ned. Uansett vert inngrepa store. Det er også eit alternativ å legge ein 80 m lang dam/kanal litt lenger nede i elva for å føre vatnet bort til den nemnde fjellryggen. Då vert inngrepa enda større i eit område som frå før er fullstendig urørt, og der ein turgår opplever å vere heilt ute i villmarka. Det er ikkje nemnt spesielt, men vi går ut frå at det også på denne staden er den same faren for lekkasjar, skadar på dammen, og i verste fall reparasjonar i årevis framover. Vår konklusjon, bedømt ut frå det som står i konsekvensøknaden, er at dette er eit ubrukeleg område å bygge dam på, og at viss utbygginga i det heile skal gjennomførast, så må ein finne ein betre stad lenger nede ved elva der ein kan lage ein kort dam som er fundamentert på fast fjell og ikkje er lagd på toppen av lausmassar.

2.2.3 Vannvei: Det er positivt at det på ein stor del av vassvegen skal borast sjakt og sprengast tunnel. Dette reduserer dei synlege inngrepa. Tunnelpåhogget vert på nedsida av Furehaugen. I konsekvensutgreinga side 4 står det at dette er ca. på kote 250. På kartet i vedlegg 2 er høgdetala utydelege, men der ser det ut som påhogget er litt lågare enn på kote 200. Uansett er dette i eit område som er svært godt synleg på avstand, sjå bilde 1 i vedlegg 6.1. I dette svært godt synlege området må det vere eit absolutt krav at røyra vert gravne ned. Problema med bekken som kjem ned frå Vindreken, fører til at inngrepa vert ekstra store. Røyrгатetraseen og

flaumsikringa av bekken må ein rekne med vil verte godt synlege i mange, mange år framover, slik at dette vil framstå som eit ganske sterkt skjemmande naturinngrep i dette viktige området.

2.2.4 Kraftstasjonen: Denne skal fundamenterast på lausmassar, og er skredutsett. Nok eit utryggleiksmoment. Men med skikkeleg arbeid, bør denne utryggleiken kunne reduserast til eit akseptabelt nivå. Støyskjerming vil vere veldig viktig, sjølv om det ikkje bur folk nær ved. Av omsyn til fisk, er det sannsynleg at det må installerast omløpsventil i kraftstasjonen.

2.2.5 Kommunal vannforsyning: Dette anlegget er med på å auke summen av inngrep i Esebotnen. Det er uheldig. Vi kjenner til at plasseringa av dette anlegget er omdiskutert, mellom anna skal reiselivsnæringa vere kritiske i følge kommunen sine Internettsider. Vi har ikkje nærare kjennskap til kvifor dei er kritiske, og vonar andre høyringsinstansar kan informere NVE om det. (Naturinngrepa frå kraftutbygginga vert truleg mykje større enn frå vassverket.)

2.2.6 Veibygging: Det skal byggast anleggsveg langs røyrgata, og utbyggaren ønskjer at dette skal vere ein permanent tilkomst frå kraftstasjonen til tunnelpåhogget. Vegen blir om lag like lang som røyrgata, d.v.s. 730 m lang, og vil "sikre" at vegen, røyrgatetrasen, flaumsikringa av bekken, og tunnelpåhogget "for all framtid" vert godt synlege som eit til saman stort naturinngrep. Inngrepet vil gå opp til i underkant av kote 200 (Småkraft AS må skaffe nøyaktig tal), og går så langt opp at det vert synleg på lang avstand, mellom anna frå Sognefjorden og frå riksvegen. Vi reknar også med at det vert synleg frå delar av Balestrand sentrum, inkl. frå mange av romma på Kviknes Hotell, men det må synfarast for å finne ut i kor stor grad.

I tillegg til denne vegen kjem det 100 m ny veg frå skytebana og opp til kraftstasjonen. Og i tillegg til dette igjen, ser det av vedlegg 4.2 ut som det kjem nokre hundre (400 - 500?) meter ny veg frå riksvegen og opp til det planlagde vassverkinntaket. Summen av nye inngrep i Esebotnen vert omfattande! Så omfattande at det i alle fall må krevjast at vegen frå kraftstasjonen og opp til tunnelpåhogget vert fjerna, og at traseen vert revegetert mellom anna gjennom planting av stadeigne tre, slik at revegeteringa kan skje fortare.

2.2.7 Kraftlinjer: For ikkje å auke dei samla inngrepa i Esebotnen ytterlegare, må det vere ein føresetnad at kraftlina vert graven ned. Då er det også mykje mindre sjanse for at den vert skada av ras.

2.2.8 Massetak, deponi og rigg: Det må vere ein føresetnad at tippen vert dekkja med jord på ein skikkeleg måte, og revegetert. Av dette punktet i konsesjonssøknaden kan det sjå ut som dette ikkje er planlagt. Det er ikkje nok at tippen er lite synleg frå riksvegen, den må heller ikkje vere synleg frå andre stadar, t.d. dei mange turrutene i området.

2.3 Kostnadsoverslag: P.g.a. stor utryggleik, spesielt i samband med inntaket, kan ein godt risikere at utbygginga vert så dyr at den vert ulønnsam.

2.5.1 Kraftproduksjon: Det er foreslått at det ikkje skal sleppast minstevassføring, og argumentet er at små vassmengder vil forsvinne heilt mellom stein og grusmassar. Viss det er rett at små vassmengder vil forsvinne, vil ingen minstevassføring truleg bety at Yglelvi vil framstå som tørr heilt ned til samløpet med Botnelvi. Dei små sidebekkane som kjem inn nedover dalen nedstrøms inntaket, vil ikkje vere store nok til å gje særleg synleg vassføring. Dette er heilt uakseptabelt! Løysinga vil vere å sleppe ei større minstevassføring enn "alminnelig lavvannføring" gjennom dammen, slik at det nedover dalen etter kvart blir så pass stor vassføring i elva at den vert synleg. Det vil vere heilt øydeleggende for naturopplevinga å gå oppover det gamle kulturminnet som kløvvegen er, viss elva er fullstendig tørr og "død". Det må sikrast at det renn ein del vatn i elva!

Andre kommentarar til konsesjonssøknaden:

3.5 Fisk og ferskvannsbiologi: Det som står om fisk i konsesjonssøknaden med vedlegg er altfor dårleg. Det er greitt at det ikkje går anadrom fisk opp i Ygleelvi, men utbygginga omfattar også Botnelvi frå samløpet med Ygleelvi og heilt ned til fjorden. Den nedste delen av Botnelvi er nokså flat, og det er sannsynleg at det går anadrom fisk oppover den. Vi reknar med at fisken kan gå oppover forbi den planlagde kraftstasjonen, men dette må synfarast. Det kan også vere bekkeare i Botnelvi, vi veit ikkje noko sikkert om det. Vi ber NVE pålegge utbyggaren å utgreie konsekvensane for fisk i Botnelvi. Dette er viktig både for plasseringa av kraftstasjonen, og for å vurdere om NVE skal krevje installering av omløpsventil.

3.6 Landskap: Vi har tidlegare i fråsegna kritisert verdsettinga av landskapet, så vi skal ikkje ta opp att det. Men det er andre ting også: Når ein les det som står i dette punktet i konsesjonssøknaden, så får ein inntrykk av at utbygginga berre gjeld Ygleelvi ned til samløpet med Botnelvi på anslagsvis kote 170. (Kartet er utydeleg, så det er vanskeleg å sjå nøyaktig.) Ein får nærast inntrykk av at utbyggaren har valt å "gløyme" at utbygginga også sterkt påverkar Botnelvi nedstrøms samløpet. Og nedstrøms samløpet er Botnelvi godt synleg på lang avstand. Sjå til dømes bilde 1 i vedlegg 6.1. Bortfall av Ygleelvi vil redusere vassføringa i Botnelvi sterkt. Særleg sterk vil reduksjonen vere i godvårsperiodar i juli og august. Etter at mestedelen av snøen i fjellet har smelta, vil ein vesentleg del av vassføringa i Botnelvi i slike periodar kome frå smelting av Langedalsbreen, og det vatnet renn ned i Ygleelvi oppstrøms inntaket. Det breffeltet som drenerer til resten av Botnelvi, er lite, og med eit par nye slike somrar som i år, kan det forsvinne heilt. (Kanskje det til og med er borte alt i dag?) Dei negative konsekvensane for landskap er kritikkverdig sterkt undervurderte i konsesjonssøknaden! Dei samla inngrepa er store i den godt synlege delen av Esebotnen nedanfor tunnelpåhogget og samløpet mellom Ygleelvi og Botnelvi. Vi vil også peike på at sjølv om talet på dei som går til fots inst i dalføret er svært mykje mindre enn talet på dei som ser Esebotnen frå bil, frå båt på fjorden eller frå Balestrand sentrum inkl. Kviknes Hotell, så er landskapsoppleving i stor grad formålet med turen for dei som går til fots. Og dei vil oppleve eit landskap som er sterkt forringa heile vegen frå riksvegen og opp til så langt forbi inntaket at det ikkje er synleg.

3.7 Kulturminner og kulturlandskap: Eit kulturminne høyrer alltid inn i ein samanheng. Den gamle kløvvegen går langs ei fossande elv. Den blir i stor grad berørt viss elva forsvinn!

3.10 Brukerinteresser/friluftsliv: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv tidlegare. Ei samla vurdering av inngrepa nede i Esebotnen og oppover langs Ygleelvi tilseier ein stor negativ konsekvens for friluftsliv! NB! Utbygginga kjem i direkte og sterk konflikt med turruta til Keipen, rute 08-04 i den nye turboka "OPPTUR 267 fotturar i Sogn og Fjordane", sjå vedlegg 7. Inngrepa frå utbygginga vil også vere godt synlege frå rute 08-03 Tjuatoten og frå rute 08-06 Raudmelen. Sitat frå OPPTUR-boka: "Raudmelen er truleg den mest besøkte fjelltoppen i Balestrand." Frå delar av ruta ser ein på skrå ned i Esebotnen der dei tyngste inngrepa frå den planlagde utbygginga kjem.

3.12 Samfunnsmessige virkninger: Det vert hevda at "Det er ikkje påvist negative samfunnsmessige virkninger av prosjektet." Den påstanden er feil! Men for å få fram den rette negative verknaden, må ein sjå på sumverknaden av fleire prosjekt. Det er heilt klart at utbygging av 3 av dei 4 "turistfossane" langs Sognefjorden vest for Balestrand vil ha negative verknader for reiselivet, som truleg er den viktigaste næringa i Balestrand. Når ein i tillegg får ei sterkt skjemmaende utbygging i Esebotnen, som er ein så vesentleg del av Balestrand sin identitet, og i tillegg til det igjen får ei utbygging langs den gamle og svært viktige driftevegen i Sværefjorden (den er mykje brukt for friluftsliv), så vert den totale negative verknaden av dette så sterk, at det fins ingen tvil om at prosjektet har negative samfunnsmessige verknader. Problemet er at det er vanskeleg å talfeste dei! At utbygarane ser bort frå desse negative samfunnsmessige

*verknadane, er slikt ein må rekne med. Dei har som formål å tene pengar!
Konsekvensutgreiarane burde vere i stand til å sjå dette, men det gjer dei tydelegvis ikkje.
Truleg fordi dei har "skylappar" når det gjeld å sjå verknaden av fleire prosjekt i samanheng.
Så det vert politikarane, Fylkesmannen og NVE som må vurdere dei negative samfunnsmessige
verknadane opp mot dei positive. Det er ei vanskeleg oppgåve!*

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Turlaget går sterkt mot denne utbygginga! Sett frå vårt synspunkt er dette først og fremst ut frå friluftsisinteressene. Dette gjeld både dei som går på tur innover Esebotnen og oppover langs Ygleelva, men også for dei som går tur andre stadar der ein ser bort-/nedover mot Esebotnen. Særleg dei som går tur oppover den fine fjellryggen like bak (vest for) Balstrand sentrum, på turruta til Raudmelen. På denne godt merka og mykje brukte turruta er utsikten mot Esebotnen og fjella rundt, ein vesentleg del av (na)turopplevinga.

I tillegg til dette har vi mellom anna lagt vekt på at Eseffjorden/Esebotnen og fjella rundt er ein så viktig del av Balestrand sin identitet. Den må ein ikkje "tukle" for mykje med!

(...)."

Statens vegvesen Region Vest har i brev datert 11.8.2006 uttalt følgende om Ygleelvi kraftverk:

"(...)

Ygleelvi ligg ved rv 55 i Esebotn. Der er det rimeleg god avkøyrsløse til skytebana som kan nyttast som tilkomst. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla. Elles har vi ikkje merknad.

(...)

Dersom det vert behov for kryssing eller nærføring til veg av nye kraftleidningar, må det takast opp som eigne saker."

Sognekraft AS har i brev datert 28.8.2006 ingen merknader til bygging av Ygleelvi kraftverk, men viser til vedlegg i søknaden:

"(...)

Sognekraft har i forkant av søknaden sendt inn tilknytingsvilkår for desse kraftverka vedlegg 8."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Småkraft AS har i brev av 31.5.2007 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

"(...)

Småkraft sine kommentarar til dei enkelte fråsegner:

Balestrand kommune:

- 1. Balestrand kommune vil tilrå at konsesjon vert gjeve for Ygleelvi kraftverk.*
- 2. Massetak og -deponier. Krav om at planlagt steintipp blir tilpassa mest mogleg landskapet. Steintippen skal tilsåast og planta til snarast råd for å få til eit godt erosjonsdekkande botndekke.*

3. Riggområde. Riggområdet og anleggsvegar som ikkje skal nyttast, skal tilbakeførast mest mogleg til naturtilstand etter anleggsperioden sin slutt.
4. Det er ønskjeleg med nedgrave kabel til påkoplingspunkt, då ein kan samordne med straum til kommunalt vassverk.
5. Det er ønskjeleg at overskotsmassar kan nyttast til utbetring av kløvvegen.

Småkraft sine kommentarar:

1. Småkraft er glad for at kommunen er positive til bygging av Ygleelvi kraftverk.
2. Det er planlagt ein tipp ved Furehaugen som skal kunne romme ca.. 25 000 m³ masse. Småkraft vil tilpasse steintippen i landskapet i samarbeid med kommunen og grunneigarane.
3. Småkraft vil tilbakeføre området mest mogleg til naturtilstand ved anleggsarbeidet sin slutt.
4. Småkraft vil etterkomme krav frå kommunen om nedgrave kabel fram til påkoplingspunkt. Vi ønskjer å ha ein nærare dialog med kommunen for å sjå på moglegheitene om å samordne straum til kommunalt vassverk.
5. Småkraft stiller seg positiv til å nytte overskotsmassar til utbetring av kløvvegen. Småkraft ønskjer å ha ein vidare dialog med kommunen om dette.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt for Ygleelvi ut frå krav om slepping av minstevassføring i Yglelvi om sommaren minst lik alminnelig lågvassføring. Dei økonomiske fordelane av tiltaka vert vurderte til å vere større enn ulempene, og kraftverket vil styrkja næringsgrunnlaget lokalt.

Småkraft sin kommentar:

1. Småkraft takkar for at fylkeskommunen er positive til bygging av Ygleelvi kraftverk. Vi vil etterkomme fylkeskommunen sitt krav om minstevassføring lik alminneleg lågvassføring i sommarperioden 15. mai - 15. september. Alminneleg lågvassføring tilsvrar 37 l/s, og vil redusera produksjonen med 0,5 Gwh/år. Dette vil gje ein ny utbyggingspris på 2,64 kr/kWh.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

1. Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser. Av omsyn til friluftslivinteresser og biologisk mangfald føreset vi at det vert sett vilkår om minstevassføring heile året.
2. Det er opplyst i søknaden at det ikkje er registrert anadrom fisk i elva. Det bør gjerast ei enkel undersøking (el.-fiske) i elva for å sjekke ut om det finns anadrom fisk.... Dersom heile den anadrome strekinga er nedstraums utløpet frå kraftstasjonen er det etter vår vurdering ikkje trong til noko særskilte tiltak i forhold til fisk.

Småkraft sine kommentarar:

1. Småkraft er positiv til at fylkesmannen vurderer at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser. Vi viser elles til kommentar nr. 1 under Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedrørande minstevassføring.

2. Miljøundersøkinga viser at det ikkje går anadrom fisk oppstrøms kote 15 grunna vandringshinder i Ygleelvi. Vi meiner difor at ei undersøking ikkje kan påkrevjast.

Statens vegvesen , Region vest:

1. Det må søkjast om utvida bruk,av avkøyrsla til skytebana.

Småkraft sin kommentar:

1. Småkraft registrerer dette og vil koma attende med søknad om dette etter ein eventuell konsesjon.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

1. Redusert vassføring og gjerne turrlegging av elvane i lengre periodar kan ha svært uheldige verknader for landskapsopplevinga og det biologiske mangfaldet kring elvane og fossane. Naturvernforbundet set Eitreneselvi, Sagelvi og Ygleelvi opp mot einannan. Dei konkluderer med at dei to sistnemnde elvene er mindre problematiske. Ygleelvi er ikkje så synleg i landskapet. Det er viktig å sikre ei minstevassføring i elva.
2. Skeptisk til om ei utbygging av elva vil kunne styrke busettinga.

Småkraft sine kommentarar:

1. Småkraft er einige i at området er vakkert, men meiner at tilrådde utbygging kan gjerast utan at inntrykket og opplevinga mister sin verdi. Viser til kommentar nr. 1 under Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedrørande minstevassføring.
2. Dette er ei uttale av generell karakter og blir heilt feil å bruka som argument i denne saka. Alle grunneigarane er fastbuande på bruka sine i Balestrand kommune, og dei fleste arbeider i deltidstillingar utanfor gardsbruka. Deira ønskje er å få avkastning på gardane slik at meir tid kan nyttas på garden. Auka inntekter gir og høve til nye investeringar på gardsbruket og dermed vidare høve til meir inntekter. Ei utbygging av Ygleelvi kraftverk, vil naturleg nok også føre til økonomisk positive ringverknader for lokale leverandørar og kommunen. Utbygginga kan i anleggstida bidra med ca.. 20 arbeidsplassar og minst 1 varig årsverk som følgje av dagleg drift. Viser elles til punkt 3.12 i sjølve søknaden "Samfunnsmessige verknader". Å skaffa sikre inntekter frå gardsbruk i dag er ei stor utfordring. Mange driftsformer i landbruket er lite lønsame og fråflytting truar. Sogn og Fjordane er et fylke med høg fråflytting.

Sogn og Fjordane turlag:

1. Sogn og Fjordane turlag går sterkt imot denne utbygginga! Sett frå vårt synspunkt er dette først og fremst ut frå friluftinteressene.... Det at ein planlegg å restaurere kløvvegen, indikerer at både kløvvegen og turområdet er verdifulle, at dette er noko ein ønskjer å ta vare på i Balestrand.
2. Ønskjer at NVE pålegger Småkraft å utgreie konsekvensane for fisk i Botnelvi i forbindelse med bygging av Ygleelvi kraftverk. Botnelvi er nokså flat, og det er sannsynleg at det går anadrom fisk oppover den. ... dette må synfarast.
3. Krav om at røyra i vassvegen blir gravne ned.
4. Sleppe ei minstevassføring som er større enn alminneleg lågvassføring.

5. Sogn og Fjordane turlag ønskjer å få innkalling til NVE si sluttsynfaring, då dei ikkje har hatt tid til å synfare kvart av dei 3 prosjekta i Balestrand kommune.

Småkraft sin kommentar:

1. Småkraft er einige i at området er vakkert, men meiner at tilrådde utbygging kan gjerast utan at inntrykket og opplevinga mister sin verdi. Verdier i området vil bli tekne omsyn til etter beste evne. Vedrørande kløvvegen har det også kome ønskje frå kommunen om å få lausmassar frå bygginga til å utbetre denne vegen. Det vil dermed bidra til å oppretthalde kulturlandskapet i kommunen. Småkraft er ueinig i konklusjonen til Sogn og Fjordane turlag. Etter vårt syn vil det vera ei positiv utvikling for grunneigarar, lokale entreprenørar, kommune, gje miljøvennleg krafttilførsel etc.
2. Vi viser til kommentar nr. 2 under Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
3. Småkraft vil utarbeide ein detaljert plan for bygging av Ygleelvi kraftverk som tek omsyn til området etter beste evne. I søknaden står det at ein vil lage traseen så smal som mogleg og arrondere den etter avslutning. Vegetasjonsmassar og toppdekke blir teke vare på og lagra inntil dei kan tilbakeførast.
4. Viser til kommentar nr. 1 under Sogn og Fjordane Fylkeskommune.
5. Småkraft har ikkje noko imot at Sogn og Fjordane turlag blir med på NVE si sluttsynfaring.

Småkraft sin konklusjon:

Dei fleste innlegga til NVE si høyring er positive til bygging av Ygleelvi kraftverk. Småkraft meiner sjølv at det er fleire positive konsekvensar som fylgje av ei utbygging og nemner blant anna auka inntekt til grunneigarar, kommune, lokale entreprenørar, tilføring av fornybar energi som betrar kraftbalansen etc.”

Grunneierne bak prosjektet har i brev datert 22.5.2007 følgende kommentar:

”Fyrst og fremst er vi glade for at eit fleirtal av høyringsinstansane er positive til ei utbygging av Ygleelva.

Ei utbygging av dette vassdraget er umåteleg viktig for oss som er grunneigarar i Yglebotn. Det kan for nokre av brukarane vera eit vippepunkt i høve til det å halda fram med tradisjonell gardsdrift. Vi vil sterkt understreka at ei utbygging vil vera verdifull ikkje berre for noverande generasjon, men også framtidige.

Difor er det med stor undring og uro vi registrerer dei til dels svært negative fråsegnene frå Turlaget spesielt samt Naturvernforbundet, og vi ynskjer å kommentera desse.

Geografi.

Turlaget sin vurdering er diverre basert på uriktig informasjon i høve til dei geografiske fakta. Den inneheld m.a. feil i forhold til kva som er synleg frå både vegen langsmed fjorden, ute på fjorden og frå Balestrand sentrum medrekna romma v/ Kviknes hotell.

Det er uråd å sjå Esebotn frå Balestrand sentrum og frå romma på Kviknes hotell. Med Esebotn meiner vi den innerste delen der kraftverket skal stå.

Legg merke til at Balestrand sentrum ikkje er synleg frå Esebotn verken nede ved sjøen eller oppe i høgda der Yglebotn byrjar!

Turløypa Balestrand - Raudmelen.

Det er også heilt feil å seia at anlegget blir synleg frå den kjende og mest brukte turløypa Balestrand- Raudmelen, i så fall må ein sjå tvers gjennom Vindreken!

Frå Raudmelen kan ein mot Esebotn i bestefall sjå turbinhuset som er tenkt bygd i natursteinmur, glas og torvtak, samt vegen langs den nedgravde røyrsgata som etter kort tid vil bli gøymd av den raskt veksande lauvskogen i området.

Ygleelvi ligg bakom Furehaugen som ligg bakom Vindreken og er difor ikkje mogeleg å sjå frå Raudmelen.

Utsikt frå Tjuatoten.

Frå Tjuatoten ser ein inn i Esebotn, men her må ein som lokalkjend gjera merksam på at Ygleelva ligg skult bakom Furehaugen same kor høgt ein kjem når ein går opp ruta til Tjuatoten. Også her vil det kun vera det torvtak-kledde turbinhuset og vegen i skogen som vil vera synleg. Det som pregar utsikten frå Tjuatoten-løypa er ei rekkje med skredløyper og småelvar som renn ned i Botnelva. Desse småelvane som vi ser på bilete blir ikkje berørde av ei utbygging.

Utsikt frå vegen langs fjorden.

For den vanlige bilturist og dei som elles ferdast på vegen eller på Esefjorden vil det ikkje vera nokon vesentleg skilnad etter ei utbygging. Frå riksvegen i Esebotn er det berre den nederste delen av Botnelva som er synleg, og denne vil framstå som før utbygging fordi vatnet etter å ha vore innom turbinhuset blir ført ut att i elva i den synlige delen. Slik vil den nederste delen av elva framstå som før.

Den midterste delen av Botnelva er synleg berre frå nokre få stader langs vegen rundt Esefjorden grunna tett lauvskogvegetasjon.

Minstevassføring.

Når det gjeld vassføringa i denne delen av elva generelt så ynskjer vi å presisera at allereie i dag, utan noko form for regulering av Ygleelva, oppstår det periodar der vassføringa er nærast lik 0, og då framstår elva som tørrlagt. Dette er ein del av den naturlege variasjonen i vatn-tilstrøyminga i området, og må takast omsyn til i kravet om minstevassføring. Det vil vera umulig å sikra minstevassføring i ei elv som i periodar framstår som tørrlagt!

"OPPTUR"

Det blir vidare vist til boka "Opptur" der turen til Keipen via Yglebotn er beskrevet. Boka gjer merksam på at dette er i kategorien "tung / krevjande " med 5 støvlar, (jamfør Raudmelen 3 støvlar).

I boka står det ingenting om når tid på året ein kan gå turen, og som lokalkjende i Yglebotn vil vi presisera at boka manglar viktig informasjon til brukarane om denne ruta. Turen går gjennom eit bratt og ulend terreng med stor fare for steinsprang frå dei bratte fjellsidene med lause massar og mykje vatn. I tillegg ligg dalen unnasolt og det er derfor kun på seinsommaren og hausten at det er tilrådelig å gå denne ruta. I tillegg er den merka stien svært ulendt med ein god del lause steinar, høge trinn og mykje fukt og vatn der ein skal gå. Med bakgrunn i dette er ikkje dette ein tur for utrente turistar. Sjølv vande og godt trenna fjellvandrarar beskriv ruta opp

Yglebotn som svært krevende. Faktum er at svært få går denne ruta i det heile og folk er generelt redde for å få steinsprang over seg på turen.

Dette er ein tur som ikkje bør gjerast utan kjentmann.

Naturguiding.

Turlaget nemner naturguiding som ein aukande aktivitet i Balestrand, men det er ikkje denne turen som trekker turistar til bygda. Til det er den for farleg og risikofylt, iflg. turguidane sjølve. Det har vore dødsulukker og leiteaksjonar etter folk som har gått seg skårfaste på fjellhyller i dette området.

Denne ruta gjennom Yglebotn til Keipen er eit 3.valg blant lokalkjende turgåarar dersom Keipen er målet. Det finst 2 andre ruter som er mykje tryggare og lettare tigjengeleg.

På eit punkt oppe i dalen har det gått eit stort steinras over stien, og skal denne delen brukas av turistar må det eit omfattande oppryddingsarbeid til. Skal Yglebotn tilretteleggast for turistar, må det store økonomiske midlar og arbeid til. Når det er sagt, så vil vi nevna at Småkraft har opna for muligheit for utbetring av kløvvegen samstundes med utbygginga. Ei utbygging av Ygleelva kan dermed føra til ein vinn-vinn-situasjon der området vert gjort tilgjengeleg for fleire.

Elva må kryssast 2 stader og i periodar med stor vassføring kan dette vera vanskelig og av og til umulig. Elva veks raskt ved store nedbørsmengder, og det har hendt at bøndene ved buføring ikkje kom seg over elva med dyra og måtte overnatta ute.

Kløvvegen er óg ein inngripen i den urørde naturen. Den vart laga for at brukarane skulle komma seg frå Esebotn til Langedalen med dyra sine. Dei åra dette gjekk føre seg var det mange episodar der liv kunne gått tapt. Dette er ikkje nokon idyllisk tursti som vart laga for opplevingar si skuld, men tvert imot eit naudsynt tiltak for å overleva som gardbrukar på den tida.

Om nokon no vil gå den tunge og bratte turen opp til Yglebotn, så vil ikkje opplevinga bli øydelagt av ei utbygging som her er planlagt. I sjølve Yglebotn vil ein ikkje sjå noko spor av utbygginga før ein kjem opp til inntaket der det vil bli ein murkant forblenda med naturstein og eit vannspeil som blir synleg frå oppsida.

Teknisk gjennomføring.

Turlaget stiller spørsmålsteikn ved den tekniske gjennomføringa av inntaksdam i dette området. Til det er vårt svar at dette ligg i Småkraft sitt kompetansefelt. Vi har full tillit til deira faglege vurderingar og verken vi eller Turlaget har kompetanse til å overprøva desse vurderingane.

Fossen under Gulleplevatnet.

Vi vil minna om at i fjellsida over inntaket vil fossen frå Gulleplevatnet dundre ned som før og vera det dominerande visuelle inntrykket ein får når ein står i steinura inne i dalen. Vi meiner også at vannspeilet i inntaksdammen slik den er planlagt ikkje vil vera skjemmande, men tvert imot verta eit vakkert syn og verdt eit besøk.

Kløvvegen

Turlaget skriv også at den gamle kløvvegen går langs ei fossande elv og at turen vil bli sterkt forringa dersom den fossande elva blir borte.

Stien opp til Yglebotn startar ein 1/2 times gange opp i Esebotn der 4 elvar møtest.

Ei av desse er Ygleelva.

Etter å ha kryssa elva må ein ta seg gjennom eit område med masse laus stein der landskapet endrar seg etter kvar einaste vinter pga store snø og steinras.

Dette er ein av dei få stadane på turen der ein er i kontakt med Ygleelva. For å finna stien opp må ein forlata elva og ta seg opp til høgre gjennom tett krattskog for å finna den bratte stien vidare opp dalen.

Dei som har gått her veit at ein ikkje går langs Ygleelva dersom ein skal fylgja den gamle kløvvegen, for stien snor seg bratt oppover langt frå og høgt over elva.

Det er ikkje før ein kryssar elva høgare oppe (ca.. 500 moh) at ein kjem i nærkontakt med elva igjen.

Forringa turoppleving?

I den korte tida på sommaren då det er mogeleg å gå denne turen, er det generelt lite vatn i elva, jmf. det vi tidlegare har nevnt i høve til vassføring. Når stien i tillegg ikkje går langs med elva, men høgt over og langt unna sjølve elvelaupet, er det mildt sagt ein overdrivelse å seia at turen opp Yglebotn blir sterkt forringa dersom elva blir utbygd.

"Balestrand sin Identitet"

Turlaget har gjort eit stor nummer av "Balestrand sin identitet" der Esebotn og Eseffjorden er ein viktig del av denne. Vi er einige i at det er viktig å ta vare på det som skapar identiteten til ein stad, men som Balestrendingar nektar vi å tru at ei utbygging som ikkje ein gong er synleg frå sentrum eller hotella og knapt nok frå fjella omkring skal ha noko å seia for denne identitetskjenninga.

Vi vil her visa til Småkraft sine eigne sider der ein lett kan finna informasjon om korleis Småkraft ivaretar miljø og kultur ved å føreta skånsam utbygging.

(...)

Viser også til artikkel i Aftenposten 14.05.07 som omhandlar Småkraft sine 2 nyaste anlegg i Sirdal: (..)

Merk at det vesle turbinhuset der allereie er føreslege til ein byggeskikk-pris.

Vidare skriv Aftenposten om dammen i Sirdal:

" "Her var det bare et gjørmehull før dammen kom", peker Frode Ovedal. Alle er einige om at det ble penare etter at kraftverka ble bygget. For ei uke siden var det offisiell åpning. Det lille turbinhuset er svært vakkert".

(...)

Inngrep i naturen.

Historisk sett har bøndene gjennom alle tider gjort inngrep i naturen. Det vi i dag kallar kulturlandskap er eit resultat av dette.

På slutten av 1800-talet vart kløvvegen opp Yglebotn laga for å kunna nytta fjellbeita i Langedalen. Dette var teknisk sett eit inngrep i naturen som ingen stilte spørsmålsteikn ved. Vegen var med å sikra livsgrunnlage til gardsbruka.

I dag, meir enn hundre år etterpå, er det framleis behov for å sikre livsgrunnlaget og busetnaden på gardsbruka. Vi leitar framleis etter nye driftsformer slik at vi kan leva og bu her. Dette kan medføre nye inngrep i naturen, og det er viktig at dette blir utført så skånsamt som mogeleg.

Utbygginga av Ygleelva er lite synleg, men det er umogeleg å gjera ho heilt usynleg. Med den planlagde utforminga som Småkraft presenterer vil anlegget framstå som vakkert og i pakt med naturen. Vi hevdar og påstår at eit turbinhus slik det er tenkt utforma vil verta ein ny attraksjon i Balestrand.

Vi vil trekka fram at andre nye produksjonsformer som t.d. bringebærproduksjon under plast på Vangsnes og i Vik er svært synleg frå lange avstandar, og dette har fått utvikla seg utan nokon restriksjonar.

Vedrørande førekomst av fisk i Botnelva vil vi opplysa om at den vesle fiskestamma som var der tidlegare, forsvann då elva vart forbygd for mange år sidan.

Positive økonomiske ringverknader.

Både Turlaget og Naturvernforbundet stiller seg begge skeptiske til om utbygging av Ygleelva vil føra til styrking av busetjinga.

Naturvernforbundet skriv m.a.: "I samanheng med dette vil vi også tillate oss å tvile på om inntektene frå kraftverka alltid vil kome busettinga og lokalsamfunnet til gode, noko det er lagt vekt på frå utbyggerane si side som eit argument for kraftutbygging. Fleire av grunneigarane, og kanskje dei fleste, kan bu heilt andre stader, slik at dette i mange tilfelle er eit ganske tomt argument.

Til dette har vi fylgjande kommentar:

Dette er eir uttale av generell karakter og blir heilt feil å bruka som argument i denne saka. Alle grunneigarane er fastbuande på bruka sine i Balestrand kommune, og dei fleste arbeider i deltidssstillingar utanfor gardsbruka. Våre ynskje er å få avkastning på gardane slik at meir tid kan brukast på garden. Auka inntekter gir og høve til nye investeringar på gardbruket og dermed vidare høve til meir inntekter.

Å skaffa sikre inntekter frå landbruket er i dag ei stor utfordring. Mange driftsformer i landbruket er lite lønsame og fråflytting truar. Sogn og Fjordane er det fylket i landet med størst fråflytting!

Grunneigarane som har fallrettar i Yglebotn ser klart at ei utbygging av vassdraget vil gi oss ei sikker inntekt og dermed styrke busetnaden. Dei positive ringverknadane av dette vil vera svært mange. T.d. kan husdyrhald verta oppretthalde og kulturlandskap halde i hevd.

På garden Grøneng er det framleis sauehald. Brukar har gjort eit stort arbeid med å tilbakeføre kulturlandskapet slik det var tidlegare, m.a. med lauvings-askar og utmarksbeite med rikt biologisk mangfald. Ei framtidig inntekt frå ei utbygging av elva vil vera med på å sikre denne drifta.

Vidare viser vi til ei masteroppgave frå 2006: "Lokal verdiskaping av småkraftverk" - av Otto Hustuft som konkluderer med at småkraftutbygging fører til styrka busetting og næringsutvikling i mindre sentrale strøk.

(...)."

I etterkant av NVEs befarings har Turlaget uttalt følgende i brev datert 10.12.2007:

"(...)

Trong for minstevassføring:

I konsesjonssøknaden står det mellom anna: "Det er ikke foreslått slipping av minstevann, da elvbunn i Ygleelvi stort sett består av store steinblokker slik at alminnelig lavvassføring vil forsvinne helt i stein og grusmasser." Under synfaringa 14.11.2007 viste det seg at vassføringa i elva var svært godt synleg, trass i at den var liten. Dette svekkar utbyggaren sin argumentasjon mot slepping av minstevassføring. Vi meiner synfaringa viste at slepping av minstevassføring vil bli godt synleg i elva, og at det dermed vil vere positivt for biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Viss NVE skulle gje konsesjon til utbygginga, ber vi derfor om at det vert slept minstevassføring, i alle fall om sommaren. For at minstevassføringa skal vise betre att, ber vi om at den vert markert større enn alminneleg lågvassføring. Til gjengjeld kan sleppinga starte noko seinare enn 1. mai. Til dømes 15. juni.

Vi reknar det som sannsynleg at slepping av minstevassføring også vil ha ein annan positiv effekt: Viss det ikkje vert slept minstevassføring, er det truleg at dei aller finaste massane i elvebotnen vil tørke heilt ut på ettersommaren, slik at dei kan bli skylte heilt bort når det kjem eit kraftig regnvær. Dette kan føre til auka erosjon i elvebotnen, noko som vil ha ulike slags negative verknader (også for inntaksdammen?). Slepping av minstevassføring vil halde dei finaste massane i elvebotnen fuktige, slik at dei ikkje på langt nær så lett vil bli skylte bort.

Kommentarar til grunneigarane sine kommentarar:

Definisjonen av Esebotnen: Vår definisjon av Esebotnen omfattar heile området frå enden av fjorden, og heile dalføret innanfor heilt opp til dei høgste toppane rundt. (Det er mogeleg denne definisjonen ikkje stemmer med den lokale.) Med denne definisjonen, held vi fast ved at Esebotnen, saman med fjellet Vindreken sørafor, med sine til saman karakteristiske og lett gjenkjennelege formasjonar, er så viktige visuelt at dette er ein viktig del av Balestrand sin identitet som tettstad og turiststad. Men det er heilt sikkert ulikt syn på i kor stor grad dette identitetsskapande området vert negativt påverka av utbygginga.

Synlege inngrep: Inngrepa i tilknytning til inntaket er sjølv sagt i all hovudsak berre synlege på nært hald. Vi har heller ikkje hevda noko anna! På lenger avstand er dei berre synlege frå nokre få heilt bestemte stadar der det truleg er lite ferdsl.

Det som etter ei eventuell utbygging vert synleg for "folk flest", turistar og andre, er dei inngrepa som skjer i den nedre delen av Esebotnen, frå der tunnelen kjem ut under Furehaugen, via kraftstasjonen og til utløpet i elva. Dessutan vert vassføringa i Botnelvi kraftig redusert frå samløpet med Ygleelvi og ned til utløpet frå kraftstasjonen.

Kva vert så mest synleg? Det vert heilt klart den reduserte vassføringa i Botnelvi og røyrgatetraseen med tilhøyrande veg. Inngrepsområdet for ein røyrgatetrase med tilhøyrande veg vert vanlegvis 15 – 20 m breitt. Til samanlikning er ein vanleg vestlandsk veg med gul midtstripe omlag 6 m brei. Røyrgatetraseen vil altså tilsvare mellom 2,5 og 3,3 stk. 2-felts vegar ved sida av kvarandre! Heldigvis vil delar av dette området etter kvart gro att, men "får det lov til" å stå større tre over røyrgata, eller må slike hoggast ned når dei vert for store? Vegen langs røyrgata skal uansett bli liggande, viss ikkje NVE bestemmer noko anna. Krav om fjerning av vegen etter utbygginga, som vi har bedt om, vil vere positivt på lang sikt.

Kva vert synleg for turistar?: I fråsegna vår av 22.10.2006 skreiv vi at " Inngrepet vil gå opp til i underkant av kote 200 (Småkraft AS må skaffe nøyaktig tal), og går så langt opp at det vert

synleg på lang avstand, mellom anna frå Sognefjorden og frå riksvegen. Vi reknar også med at det vert synleg frå delar av Balestrand sentrum, inkl. frå mange av romma på Kviknes Hotell, men det må synfarast for å finne ut i kor stor grad." Her må vi gje grunneigarane rett i at vi dessverre har gjort for dårleg jobb, og gitt feil opplysningar! Inngrepa vert ikkje synlege frå Balestrand sentrum, og viss dei vert synlege frå Sognefjorden, så vert det på så pass lang avstand at ein i praksis kan sjå bort frå det. Grunneigarfotoet på side 1 viser dette.

Men det same fotoet indikerer også, noko vi har fått stadfesta gjennom eigen synfaring, at inngrepa, og den reduserte vassføringa i Botnelvi, vert godt synlege frå delar av vegen på begge sider av Esefjorden. Bilde 1 i Vedlegg 6.1, sett frå nordsida av Esefjorden, er eit døme på det. Her vert inngrepa og den delen av Botnelvi som får redusert vassføring, ekstra godt synlege fordi ein får dei midt imot når ein køyrer. Omlag det tilsvarende gjeld for sørsida av fjorden. Her er det stor turisttrafikk, og mellom vegen og fjorden er det lite vegetasjon som hindrar utsikten vesentleg!

Kva vert synleg for turgåarar?: Om det som er synleg frå turruta Balestrand – Raudmelen skriv vi følgjande: "Frå delar av ruta ser ein på skrå ned i Esebotnen der dei tyngste inngrepa frå den planlagde utbygginga kjem." Vi har altså ikkje hevda at ein kan "sjå tvers gjennom Vindreken", slik ein kan få inntrykk av at grunneigarane hevdar vi har gjort. Vi held fast på det vi har skrive (NB! delar av ruta). Grunneigarane sitt foto på side 2 stadfester langt på veg det.

Om utsikt frå Tjuatoten: Vi er sjølv sagt klår over at inntaket og Ygleelvi ikkje vert synleg, men grunneigarane sitt foto på side 3 viser tydeleg at inngrepa nede i Esebotnen og den reduserte vassføringa i Botnelvi, vert ekstra godt synlege frå akkurat denne toppen.

(Minste)vassføring: Grunneigarane hevdar at det i Ygleelvi oppstår "periodar der vassføringa er nærast lik 0, og då framstår elva som tørrlagt." Vår kommentar til det, og den kan vi kome med utan å vere lokalkjende, er at så lenge det er brear i nedslagsfeltet, vil ikkje elva verte tørr om sommaren. Og når det er varmt fint vær på ettersommaren, og mest aktuelt/attraktivt for turgåarar og turistar, vil smeltinga føre til god vassføring i elva slik at den blir eit viktig landskapselement. Men i kalde periodar i vinterhalvåret vil elva sjølv sagt tørke ut, så då stemmer det grunneigarane skriv. Av NVE-atlas ser vi at det brefeltet, Langedalsbreen, som drenerer til Ygleelvi, er mykje større enn den vesle delen av Bjørnabreen som drenerer mot resten av Botnelvi. Dette betyr at i fint vær på ettersommaren vil bortfallet av vatnet frå Ygleelvi få enda større negative konsekvensar for vassføringa i Botnelvi enn det storleiken på Ygleelvi sitt nedslagsfelt skulle tilseie.

Om turruta langs Ygleelvi: Vi er klar over at dette er ei krevjande rute med stor høgdeskilnad, så vi er heilt einige med grunneigarane i at dette ikkje er ein tur for utrena turistar. Det er sikkert og heilt rett at ein ikkje bør gå her tidleg på sommaren – avhengig av snømengdene. Men at dette er ei spesielt farleg rute med stor fare for steinsprang, stemmer ikkje med den informasjonen vi har fått frå vår lokalkjende kontaktperson. Tvert imot har vi fått omtalt dette som ei uvanleg fin rute med villmarkspreg, men krevjande sjølv sagt. Eit naturinngrep av den typen som den gamle kløvstien er, vert av dei aller, aller fleste turgåarar, inklusive turlagsfolk, oppfatta som positivt, som eit kulturminne som gir ein ekstra dimensjon til turopplevinga. Med etableringa av eige lokallag i Balestrand, reknar vi også med at bruken av ruta vil auke. Vi håpar også at lokallaget kan hjelpe til med å vedlikehalde denne turstien, men lokallaga våre arbeider så sjølvstendig, at vi i Sogn og Fjordane Turlag ikkje kan pålegge dei/garantere det.

Om positive økonomiske ringverknadar: Frå Turlaget si side har vi ikkje stilt oss "skeptiske til om utbygging av Ygleelva vil føra til styrking av busetjinga.". Dette har vi ikkje uttalt oss om i det heile, og det er fordi vi har følt at vi ikkje har hatt eit sakleg godt nok grunnlag til å uttale

oss på. Ikkje har vi visst kor mange av grunneigarane som driv aktivt jordbruk, og ikkje har vi visst korleis dei totale inntektene av utbygginga vert fordelte mellom Småkraft AS og grunneigarane. Men viss det blir utbygging, håpar vi at grunneigarane sin del vert stor!

